



Kontaktutvalet for Nordhordlandspakken

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1231 - 19/12635

Saksbehandlar:

Tanja Hoel

tanja.hoel@lindas.kommune.no

Dato:

24.04.2019

Prinsipielle avklaringar for ein avtale om midlertidig bussterminal i Knarvik

Lindås kommune sitt framlegg til Kontaktutvalet 25.04.2019:

- **Nordhordlandspakken fullfinansierer kostnadene for etablering av midlertidig bussterminal i Knarvik, med prinsipielle avklaringar slik det blir lagt fram i saka.**

Bakgrunn for saka:

Den 3. april i år var det kontaktmøte mellom Statens Vegvesen, Hordaland fylkeskommune, Regionrådet og Lindås kommune vedr flytting av Skysstasjonen i Knarvik.

I juni 2015 vedtok Lindås kommune ein områdeplan for Knarvik Sentrum. Planen legg til rette for ei heilskapleg utvikling av sentrum med byliknande struktur og kvalitet. Eit hovudelement er ein sentral almening der Skysstasjonen ligg i dag.

Arbeidet med ombygginga av Kvassnesvegen gjer det naudsynt å flytta Skysstasjonen allereie i år. Alle partar er positive til at Skysstasjonen flyttast midlertidig til ny bussterminal langs E39 ved Knarvik Senter. Om bussterminalen eventuelt skal bli permanent, må områdeplanen omregulerast, og dette vil ligge fram i tid.

Det har vore mange møter med repr. frå kommunen, Skyss, Hordaland fylkeskommune og Statens Vegvesen om val av løysing. Utforminga av bussterminalen er meir eller mindre klar, og ein jobbar no med siste detaljar for løysing og standardval. Sjølv om det er ein midlertidig terminal, vil den mest sannsynleg vere i bruk i relativt mange år framover, mellom anna som følgje at KDP E39 vil ta tid å utarbeide. Terminalen vil vere universelt utforma og ha om lag same standard som ein permanent terminal. I desember 2018 estimerte Norconsult prosjektkostnaden til å vere mellom 10-12 mill.kr (sjå vedlegg 3). Det har i etterkant av dette spelt inn ein god del endringar frå Skyss, bla vesentleg dyrare asfalt løysing. I tillegg er det berre tatt høgde for 10% upårekna, kor rigg og driftsdelen kjem i tillegg. Det same gjer utviding av busslomme på nordgåande. Lindås kommune klarer ikkje å anslå kostnadene for alt dette i dag. Etter dialog med Norconsult vurderast midlertidig et kostnadsintervall mellom 13 og 15 mill. kr. å være realistisk.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Hordaland fylkeskommune har nylig inngått avtale om innfartsparkering i Knarvik på gnr. 188/bnr. 806 som vil leggja til rette for effektiv parkering og tilkomst for den midlertidige bussterminalen. Hovudhuset på dagens Skysstasjon med venterom og taxisentral skal nyttast som før inntil permanent ny terminal vert regulert og bygd.

Skysstasjonen ligg i dag ved ein kommunal veg og må flyttast pga arbeid som skal starte opp i Kvassnesvegen. Reint prinsipielt er det Lindås kommune sitt ansvar å betale for flytting og etablering av midlertidig terminal. Lindås kommune meiner på sin side det er naturleg at Nordhordlandspakken tar kostnaden. Dette på bakgrunn av at terminalen mest sannsynleg vert liggande på denne staden i relativt mange år og fordi det er satt av midlar i pakken til kollektivtiltak i Meland og Lindås, Stortingsprop. 164 S¹ (pri. 7).

Lindås kommune ønskjer difor å fremme ei sak til Kontaktutvalet for Nh.pakken om finansiering av midlertidig terminal i komande møte den 25.04.2019.

Når Kontaktutvalet har avklart desse prinsippa vil administrasjonen i samarbeid med Statens Vegvesenet utarbeide endeleg forslag til avtale. Desse dokumenta vil blir lagt fram for kommunestyret ved seinare høve.

Prinsipielle avklaringar til hovudpunkt i ein avtale:

- 1) **Plassering:** Det er lagt opp til midlertidig bussterminal ved E 39, Knarvik senter. Ny innfartsparkering er nyleg etablert av HFK like ved.
- 2) **Finansiering.** Anslått kostnad for flytting og etablering av midlertidig terminal er estimert til 13-15 mill. kr. Norconsult estimerte ei kostnadsoverslag tilbake i desember 2018 som var litt lågare. I etterkant av dette har Skyss fremja nye krav til utforminga. Etter dialog med Norconsult vurderast midlertidig et kostnadsintervall mellom 13 og 15 mill. kr. å være realistisk. Lindås kommune ønskjer at Nordhordlandspakken fullfinansierer kostnadene med flytting og etableringa av midlertidig terminal.
- 3) **Moms kompensasjon.** Lindås kommune har pr i dag ikkje oversikt over de avgiftsmessige konsekvensane dersom kommunen skulle stå som utførande for en anleggsleveranse som skal eiges/driftast av fylkeskommunen og Statens Vegvesen. Dette vil forøvrig ha samanheng med kven som er byggherre (refr punkt 4).
- 4) **Byggherre.** Lindås kommune har i utgangspunktet ikkje tilstrekkeleg eigenkompetanse og/eller kapasitet til å ha byggherreansvaret for et slikt prosjekt langs og delvis inni E39. Et slikt ansvar betinger derfor relativt tung innleie av ekspertise fra konsulentbransjen, med påfølgande ekstrakostnader for prosjektet. Statens Vegvesen innehar nødvendig eigenerfaring og kompetanse, bla frå pågåande/nyleg ombygging av Åsane Terminal. Lindås kommune meiner difor at prosjektet med etablering av den midlertidige terminalen langs E39 samla sett kan bli betre og billigare med Statens Vegvesen som byggherre.
- 5) **Eigarforhold:** Eigarforhold for areal vil bli fastlagt i framtidig reguleringsprosess.
- 6) **Drift og vedlikehald.** Hordaland fylkeskommune har ansvar for terminalområdet. Arealet for bussoppstilling blir ein del av E 39 og underlagt ansvaret til Statens Vegvesen. Ansvaret for vegen bak terminalen, mot senteret, vil være Lindås kommune.

¹ [Stortingsproposisjon Nordhordlandspakken](#)

- 7) **Oppfølging med å søkje dispensasjon for tiltaket.** Lindås kommune tar ansvaret med å søke om dispensasjon for tiltaket.
- 8) **Ansvar for evt flytting/etablering av ny permanent terminal.** Lindås kommune må ta kostnadene ved ein evt flytting av midlertidig terminal om den midlertidige må flyttast på grunn av tiltaket ikkje får godkjent dispensasjon, eller om neste revisjon av områdeplanen for Knarvik krev flytting til ein annan og permanent plassering.
- 9) **Drift og vedlikehald av dagens Skysstasjon.** Dagens Skysstasjon vil fortsatt vert i bruk som venterom og toalett for den nye midlertidige bussterminalen. Lindås kommune overtek ansvaret for drift og vedlikehald av utearealet. Hordaland fylkeskommune fortsetter ansvaret for drift og vedlikehald av bygget som før.

Vedlegg:

- Vedlegg 1_ Referat frå kontaktmøte fylkesveg-Kvamsbrekko og skysstasjon i Knarvik 03_04_19
- Vedlegg 2_Skisse til terminal Knarvik
- Vedlegg 3_Kostnadsoverslag Norconsult frå desember 2018

Med helsing

Tanja Hoel
næringssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kontaktutvalet for
Nordhordlandspakken